

Oudenuuss nordre (gnr. 2)

I matrikkelen av 1668 er det 3 bruk som alle er skrive "Oudenuuss". Av desse fekk garden til Jens snart kjenningsnamnet Odenhus nordre, og det er denne garden vi her skal sjå litt nærmare på.

Brukaren Jens heitte med farsnamn Jens Halvorsen, og han var da 57 år. Om garden hans er det elles fortalt at landskylda av Odenhus nordre da var 1 ½ hud, men at Jens sjølv var både eigar og brukar av garden. Buskapen hans av store husdyr er oppgitt til 3 hestar og 16 naut, og korntienda vart utreidd med 2 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling p 25 tønner. Vidare er det om enga, innmarka på garden oppgitt at den var "temmelig goed och Kand forbedris". Det var skog nok til gards bruk, og seter og sommarbeite for krøtera på "Dødsetter", som truleg sskulle vore skrive Døsseter. Endeleg er det og opplyst at også Odenhus nordre hadde kvern enten åleine eller saman med Odenhus søre, og truleg i Bjørnstadelven.

Jens var framleis brukar på Odenhus nordre i år 1670. Det var da ordna slik at gardane til Nils Borud, Jens Odenhus, Syver Odenhus søre og Engebret Hauger i saman utgjorde 12. Legd i Capetein Reichwein Compagnie. Da det i 1690 vart delt ut 24 nye børser til kompaniet var det Michel Odenhus søre som tok imot den eine børsa.

Tre år seinare var det elles skjedd det skifte at Jon Jensen hadde tatt over som eigar og brukar, og Odenhus nordre vart da fort i grukka for "Halfve Gaarde". Samtidig er det og opplyst at "Bunden Jon" hadde ein bror, Halvor Jensen, som da var 28 år og rulleført som soldat.

Tolv år seinare var i 1705 Jon framleis brukar på Odenhus nordre. Han hadde da lånt 200 rd. av Jon Borud, og er i pantebrevet kalla Jon Jensen Odenhus. – Etter Jon Jensen vart så sonen Jens Jonsen brukar og hadde garden i 1714. Da lånte han og pengar mot pant, men långjevaren var da Oluf Borud. Truleg var det skulda som gjorde at i 1780 vart så Odenhus nordre selt ved auksjon til Knud Olsen Houg (Mo) for 285 rd. Knut Mo hadde elles denne gongen garden Odenhus nordre berre eitt år. Da selde han i 1721 Odenhus att til Ole Amundsen Baaberg for kjøpesum 295 rd. I samband med handelen var det så synfaring og skjønnsforretning på garden, og dette er i utskrift av tingboka referert slik:

"Odenhus i Faaberg.

Besigtigelse over grd. Nordre Odenhus i Vingrum som opsidderen Ole Amundsen nylig har sig tilforhandlet. Indvarslet og tilstede Jon Jensen, en gammel mand som før har beboet gaarden og nu har føderaad, endvidere Poul Amundsen Berg af Gudsdal og Wincentz Svendsen Øresstuen her i sognet, som på egne og andres vegne vedtog besigtigelsen."

Flere opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Odenhus nordre fortalt at garden ligg i sollia, og at han er lettbrukt. Jordarten er god, men noe grunnlendt og tørlendt. Det var skog nok til brenneved, gjerdefang og "Huugtømmer", men setra Døsseter hadde berre måtelig hamn. Buskapen var da 2 hestar. 12 naut, 15 sauer og 15 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 4 tønner bygg og litt rug. Vidare var det seterslått til 1 eller 2 las høy, og heile høyavlinga utgjorde kring 20 lass.

Året etter var det den 24. juli 1724 atter ei synfaringssak som her er av interesse, og der utskrifta av tingboka har denne ordlyden:

”Oudenus Nordre i Faaberg.

Åstedssak som Ole Nordre Oudenus fører mot Peder Rønne ang. hugst og barkeflekning som Peder Rønne har begått i Nordre Oudenhus skog, straks ovenfor gården.

Partene kom til mindelig forening som de begjærte innført:

Da citantens vidner er enstemmige i at Rønnes oppsieder aldrig har hatt det ringeste bruk i Nordre Oudenhus tilliggende skog oven gaarden og oven Boruds og Rønnes slåtteødegårder, hverken til høladers reparasjon eller på annen måte, så frafaller Peder Rønne sin paastand og erklærer herefter ikke å kjenne sig eiensomsberretiget til nevnte steder. De 4 kløver bark om han har flekket til høladers reparasjon betaler han til Ole Nordre Oudenus tillikemed sakens omkostninger med tilsm. 16 rd.”

Røynesøgarden som her er nemnt, vil bli nærare omtala under Bø i Vingrom (se nedenfor). Om Borøøgarden ved Oudenus skal vi her ta med litt meir: Dette jordstykket må tidleg ha kome under Borud. Det finst ikkje å vera skyldsett for seg og heller ikkje under Oudenus eller Borud, men har sikkert frå først av ligge til Bø eller Oudenus. I det etterføljande kjem vi til å nemne Borøøgarden fleire gonger.

Ole Amundsen heldt framleis fram som brukar av Oudenus nordre i 1730. Han lånte da 50 rd. mot 2 pr. pant i garden. Men 6 år seinare selde han i 1736 grd. Nordre Oudenus att til Knud Olsen Mo. Det var da 16 år sidan kjøparen tilhandla seg denne garden første gongen. Nå brukte Knud Mo sjølv garden til 1739. Da gav han så bygselseddel til sonen sin Peder Knudsen. Bygselseddelen har elles i utskrift denne ordlyden:

”Oudenus Nordre i Faaberg,

Knud Olsen Hougs bøkseledel til sin søn Peder Knudsen på hans eiende gård Nordre Oudenus av skyld 1 ½ hud, hvilken han beholder så lenge faderen lever mot rettighey efter loven men efter faderens død forbeholdes som på skiftet efter ham blir forenet.”

Ni år seinare fekk i 1748 Peder Knudsen søskenskjøte på grd. Oudenus nordre av skyld 1 ½ hud for kjøpesum 387 rd. Av skjøtet går det dessuten fram at av brørne til kjøparen var da 3 i live, nemleg Anders, Johannes og Christen Knudssøner, og om søstera Kari Knudsdr. er det opplyst at ho var gift med Johannes Bjørnstad

Tre år seinare var det den 26. april 1751 arveskifte etter avdøde Gunhild Hansdr.

Borudødegården. Arvebuet utgjorde netto 47 rd., og arvingane var forforutan enkemannen Otter Borudødegaarden dei 4 borna deres. Av dei var Erland da 32 år, Hans 28, Iver 23 og Beret 38 år. Til minne om Otter vart plassen han hadde budd på ofte kalla Otterstugua. Det er fortalt at major Peter Conrad Weyhe budde der i Otterstugua etter at han hadde selt Oudenus, men ingen veit nå heilt visst kvar Otterstugua låg. – Av same året, altså 1751 er ei sak om husmannsplassen ”Øvre Sveen”. Saka er elles etter utskrift framstilt slik:

”Øvre-Sveen.

Bøkseledel dat. og tinglest 4. oktober 1751. Fra Peder Oudenus av Fåberg prestegjeld til Malene Christensdatter på en under hans gård Oudenus til og underliggende husmannsplads Øvre Sveen kaldet beliggende i engen mot årlig husleie 3 ort i arbeide.”

Peder Knudsen Oudenus hadde ættegarden til i 1752. Da skjøta han Oudenus nordre til Christen Toresen Ovren, som var svigersonen hans, med di han var gift med dottera Sessel Pedersdr. Oudenus. Kjøpesummen da Christen tilhandla seg garden var 580 rd. I samband

med handelen lånte kjøparen Christen Toresen 350 rd. av Jon Borud mot 1.pr. pant i grd. Oudenhus framleis av skyld 1 ½ hud.

Men den unge husfrua Sessel Pedersdatter døde alt i barselseng året etter, altså i 1753. Barnet som overlevde fødselen, vart døypt Sessel etter mor si og var ved skiftet i samband med dødsfallet i 9 mnd. gamal. Ved dette skiftet er det opplyst at Ole Rindal og Ole Jevne var edsvorne vurderingsmenn, og som verge for barnet, vesle Sessel, møtte Ole Pedersen Kindlien. Garden Oudenhus vart ved skiftet verdsett til 580 rd., og arvingane var forutan enkemannen Christen Toresen og dotter hans, vesle Sessel, som da var 9 mnd. Det er elles opplyst at desse kreditorane hadde krav på buet: Kari Toresdtr., ”som tiene i Prestegaarden”, 21 daler, Hans Kollerud, 8 dlr., Anne Rønne (f. Hauger), 12 dlr., Jens Kindlien, 12 dlr., Jens Bjørnstad, 20 dlr., Johannes Toresen Rindal, 30 dlr., Otter Toresen, 14 dlr. Båe dei to siste var brør med husbonden Christen Oudenhus. Christen var da 30 år, Johannes 29 år og Otter 26 år.

Husbonden, enkemannen Christen Toresen gifta seg så oppatt med Berit Jonsdtr., og dei hadde i sitt ekteskap 6 born, nemleg Jon, Kari, Ragnhild, Ingeborg, Mari og Rønnaug. Av desse vart Rønnaug seinare gift til Bjørnstad, og Ingeborg vart gift til Bye på Ringsaker. Det er elles å fortelja at husfrua på Oudenhus i denne tid, altå Berit Jonsdtr. var frå Berg i Saksumsdalen og var einaste barnet til ohan Jacobsen Berg og hustru Ragnhild Olsdtr., og dei hadde frå 1755 føderåd av og på Oudenhus.

Christen Toresen brukte Oudenhus til han døde i 1768, og den 28. april s.å. var det avsluttande skifte etter han. – Ved dette skiftet var jordegodset i buet, Oudenhus nordre framleie av skyld 1 ½ hud taksert for 580 rdl., og arvebuet utgjorde brutto 735 rdl. og netto 128 rdl. – Enka Beret Jonsdtr. gifta seg ikkje oppatt og brukte sjølv garden med hjelp av foreldra sine Jon Jacobsen og Ragnhild Olsdtr., som båe døde på Oudenhus.

År 1781 gifta så Ragnhild Christensdtr. f. 1758 seg med Ole Johannessen, og dei tok over som husbondsfolk på Oudenhus nordre. Dei fekk elles i sitt ekteskap 9 born, og dei var: 1. Kari f. 1782, død same året, 2. Kari f. 1784, død 1785, 3. Johannes f. 1785, 4. Johanne f. 1788, 5. Berte f. 1789, Christen f. 1792, g. m. Beret Larsdtr. Oudenhus, 7. Jon f. 1794 g. m. Berte Olsdtr. Smedstad f. 1795, 8. Kari f. 1796, 9. Anne f. 1799.

I denne tid var det elles ei langvarig rettssak som gjekk gjennom 3 år, og som i utdrag er referert slik:

”Audenhus i Fåberg

18. juni 1785.

Tingsvitne.

Simen Rønne kontra Ole Borud m.fl. i anledning av at de ikke har satt opp et gjerde ved Oudenhusødegaarden.

Der blev frembåret vidnesbyrd fra vidnet, John Olsen Borud, som på grunn av alderdom og svakhet ikke selv kunde møte. Han var for 20 år siden blitt forenet med daværende bruker på grd. Rønne, Tosten om at John skulde sette opp en skigard nedenfor Rønnesødegaarden ved elven eller fjorden. Veien som før hadde ligget lenger oppe over Borudsødegaardens jorder blev flyttet lenger ned, men vidnet hadde ikke gjort noe løfte om å holde skigarden istand. Tingvidnet ble derefter sluttet.

17. febr. 1786.

Simen Rønne har innstevnt Ole Borud, Ole Lexhus, Ole Nordre Oudenus og Amund Søndre Oudenus til å høre bevis om at de innstevnte i langt over hevdstid har oppsatt og istandholdt det nederste gjerde av Oudenusødegaarden og motta dom som tilplikter dem som hittil å istandholde nevnte gjerde.

Tingsvinte gives laugdag til neste ting.

19. juni 1786.

Efter de innstevntes begjæring utsattes saken til neste ting.

Fåberg 18. juni 1787.

Citanten erklærte at han frafaldt dom, da han tenkte å tilveiebringe flere bevis og å søke de innstevne til åstedet. Han begjærte saken sluttet som tingsvidne.”

I mellemtida var så Nordre Oudenus selt til Ole Johannessen Bjørnstad, som var gift med Ragnhild Christensdr. Oudenus f. 1758.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og de budde da 3 familier på nordre Oudenus. Dei var:

1. familie: 1. Ole Johannessen, husbonden, 59 år. 2. Ragnhild Christensdr. kona hans, 42 år, 3. Johannes, son deira, 15 år, 4. Christen, son deira, 9 år, 5. Jon, son deira, 7 år, 6. Berte, dotter deira, 11 år, 7. Kari, dotter deira, 5 år, 8. Anne, dotter deira, 2 år, 9. Berit Jonsdr. føderådskone, 72 år, 10. Ole Paulsen, tenestkar, 17 år, 11. Berit Olsdr. tenestkvinne, 19 år, 12. Lars Jacobsen, tømmermann, ugift, 45 år.
2. familie: 1. Lars Olsen, husmann med jord, 45 år, 2. Mari Olsdr., kona hans, 56 år, 3. Ole Larsen, son deira, 15 år,.
3. familie: 1. Ole Poulsen, husmann med jord , 45 år, 2. Mari Svendsdr., kona hans, 40 år, 3. Ole, son deira, 7 år, 4. Kari, dotter deira, 5 år, 5. Marit, dotter deira, 3 år, 6. Kari Pedersdr., innerst uten jord.

Same året, altså i 1801 var det synfaring og takstforretning på Oudenus nordre. Dei valde lagrettesmenn verdsette da garden til under god drift å kunne fore: 5 hestar, 20 naut og 50 småkrøter, og å kunne avle årleg kring 96 tønner korn. Jordvegen vart taksert for 1600 rd. og bygningane for 300 rd.

Etter atter 6 år gav så i 1807 Ole Johannessen skjøte til eldste sonen Johannes Olsen, f. 1785, for kjøpesum 1932 rd. –

Johannes Olsen hadde elles ikkje garden meir enn 3 år, da gav han den 28/11 1810 skjøte til major Weyhe for 3500 rdl. Så å seie samtidig kjøpte major Weyhe og ”en hovedbygningstomt på Borudødegaarden” av daverande eigar Simon Borud, og kjøpesummen for tomta var 20 rd. I denne tid lånte elles Majoren 2000 rd. av Marie og Anne Marie Øvre Aasen på Biri. Av andre kjelder går det elles fram at major Weyhe i si brukartid hadde sagbruk i Bjørnstadelva samar med grd. Sveen ell. Søndre Oudenus. Mot slutten av si brukartid gav vidare major Peter Conrad Weyhe i 1816 skjøte til furer Christen Olsen på gardsbruket Øvre-Sveen for kjøpesum 80 spd. Same Året skjøta Majoren også hovudbruket Oudenus søre over til svigerson sin, Ole Wold, som hadde garden til i 1819, da han selde dem vidare til Anders Sørensen Fjeld for sum 1200 spd.

Major, P.C. Weyhe var gift med Christiane f. Kierulf, og dei hadde fleire born. Blant dei var Margrethe Dorthea som var gift med glasfabrikant Rische, og Anne Margrethe Wold, som døde på Oudenus i barselseng i 1823.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om gard nr. 2 Oudenus oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 15 naut og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 48 tønner. Dessuten er det om bruket Øversveen oppgitt at husdyrhaldet der var 1-2 kyr og årsavlinga av korn kring 3 ½ tønne.

Anders Sørensen Fjeld hadde heller ikkje Oudenus lenger enn i 2 år, da han i 1821 skjøta garden til Arne Kristensen Øvre Aasen i Biri. Arne Aasen og svigersonen hans, Johan Larsen, brukte så Oudenus til i 1826. Da gav Johan Larsen skjøte vidare til Anders Andersen Huskelhus, Biri, som var gift med Karen Olsdtr. Aasen. Med dei to kom den grein av ætta til Audenus som fremleis har garden.

Far til Anders Andersen Audenus, Anders Hovelsen, skal ha vore ein sers driftig og dugande mann. Som ung var han ute i det militære i krig og fred i 12 år, men slapp frå det med liv og helse. I dei 38 år han var brukar på Huskelhus skreiv han i ei skinnbok frå 1777 årleg med kva tid dei tok til å pløye om våren, og kva tid Mjøs-isen la seg om hausten og gjekk att om våren. Det nedskrivne viser at våren 1786 t.d. var ein uvanleg kald og hard vår, og at det da var så lite korn blant folk at det var sers vanskeleg å skaffe såfrø. I 1799 var hausten så sein at avlinga var ikkje i hus før 21. oktober. Men våren hadde og vore sers sein det året, så Mjøs-isen låg heilt til den 20. mai. Til den 20. mai låg elles isen og i 1805. Men verst var likevel året 1812. Da låg isen på Mjøsa til 27. mai, og dei sådde erter og tok til å pløye først den 2. juni.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddaler, ort og skilling. Garden matr.nr. 2 Audenus fekk da som si nye skyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og samtidig vart matr.nr. 3 Øversveen skyldsett for 1 ort 11 skilling, eigar og brukar av båe desse gardsbruk var da Anders Andersen Audenus.

Anders Andersen Audenus og hustru Karen Olsdtr. hadde fleire born. Det var: a. Kristian f. 1818, b. Helene f. 1820, c. Mathea f. 1823, g. 1848 m. kjøpm. Christen Lien, Lillehammer. d. Gønne f. 1826, e. Ole f. 1830, f. Agnete f. 1833, g. 1860 m. Matias Johannessen Skårset, Biri.

Faren Andreas Andersen brukte så garden sjølv til i 1860, da han skjøta grd, Audenus med Øversveen over til sonen Kristian Andersen f. 1818 for kjøpesum 1500 spd, og eit føderåd verdsett til 300 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane av 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Audenus oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 251 mål, og av dette var 78 ½ mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapen på Audenus med plassar var 4 hestar, 20 storfe og 43 småfe, og at den årlege utsæd da utgjorde: av korn 12 tønner og av settepoteter ca. 17 tønner. Eigar og brukar av garden i den tid var framleis Kristian Audenus f. 1818.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Skrivemåten av gardnamnet vart da endra til Audenus også i matrikkelen, og Audenus fekk som sitt gardsnummer nr. 2 av samla skyld 11,99 mark. Vidare er det og opplyst at Kristian Andersen var eigar og brukar både av Audenus og Øversveen. Dessutan

var det da fråskilt 6 andre bruksnummer frå Audenus. Dei 6 bruksnr. det her gjeld var: a. grn. 2 brn. 2 Audenus av skyld 0,54 mark, som Kristian Larsen da var eigar eller brukar av, b. grn. 2 brn. 3 og 4 Audenus, som Ole Skattebu var brukar eller eigar av, c. brn. 5 Audenus av skyld 0,61 mark, som Torsten Ouren var eigar ell. brukar av, d. brn. 6 Audenus, skyld: 0,24 mark, eigar ell. brukar Morden Rise, e. brn. 7 Audenus av skyld 0,28 mark, som Johan Olsen var eigar ell. brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at sonen Lars Kristiansen Audenus f. 1854 hadde overtatt Audenus med Øversveen, framleis av samla skyld 11,99 mark. Vidare hadde da Olaus Mathiassen tilhandla seg grn. 2 brn. 2, 3, 4 og 5 Audenus av samlaskyld 1, 47 mark, og Oskar Olaussen hadde overtatt brn. 6 og 7 Audenus av skyld 0, 52 mark.

Lars Kristiansen Audenus som da tok over som eigar og brukar av ættegarden, gifta seg i 1901 med Matea Olsdtr. Kindlien, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: 1. Marit f. 1902, g. m. Sigmund Lindstad, f. 1898, 2. Agnete f. 1905, g. m. O. Joh. Magen Oslo, 3. Kristine f. 1912, g. m. Arne Ouren, og dei overtok så i 1938 grn. 2 brn. 2 Bø av Audenus. Året før hadde i 1937 svigerfaren Lars Audenus og gitt skjøte til svigersonen Sigmund Lindstad og dottera Marit på grn. 2 brn. 2 Audenus, da av skyld 15,48 mark.

Ved jordbuksregistreringa av 1939 var det under grn. 2 tre bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 3 bruk var: a. Grn.2 brn. 1 Audenus med eit jordbruksareal på ca. 200 mål, som Sigmund Lindstad framleis var eigar og brukar av, b. grn.2 brn. 2, 3, 4 og 5 Bø med eit jordbr. areal på ca. 40 mål, som Arne Ouren var eigar og brukar av, c. grn. 2, brn. 6 og 7 Holte med jordbr. areal ca. 12 mål (da) og med Odmund Bøe som eigar og brukar.

Bø ved Audenus

Ein Opphavsgard?

I Poul Huitfeldts stiftsbok av 1578 er det nemnt tri gardar i Vingrum, og dei låg da alle heilt eller for ein del til Fåberg Prestebolig. Det var Rindal, Bø og Rise. Landskylda av Rindal var 1 hud, av Bø ½ hud og av Rise 1 hud.

Her skal vi ta for oss og sjå litt nærare på dette gamle Bø i søre Vingrum. Det ein finn om Bø er både særmerkt og interessant.

Når namnet B ø finst brukt som namn på eldre gardar, er det ofte som namn på ein opphavsgard i grenda og tyder da hus til å bu i, bustad, gard. Dette ser ved eit snarsyn ut til å passe heller dårleg på Bø i søre Vingrum. Ein dømer ut frå si eiga tid og tilvante tilhøve og gløymer så lett at ein gamal gard kan ha hatt ei glanstid alt for fleire hundre år siden. Etter kvart finn ein fleire ting som talar for at slik har det kanskje og vore med dette B ø det her gjeld.

Bø er den første garden vi finn nemnt i skrivne kjelder her frå søre Vingrum og altså i 1578. Av grannegardane er Oudenus omhandla i 1601, og Fjell nemt i 1624, Mo i 1632 og Lekhus i 1667.

Grannegardane til Bø: Audenus i sør og Lekhus i nord, der første stavinga i namnet i baa tildelle mest sikkert er mannsnamn, tyder på at dei baa kan vera utflyttargardar frå ein eldre opphavsgard. I nærleiken av Bø, men på grunn som nå visstnok høyrer Audenus til skal det ha vore synlege hustuffer, som framleis blir kalla Gammalgarden. Her i nærleiken er det og ei alltid vassførande og sikker ile, og her i nærleiken skal det og vera funne kokstein i grunnen. Ein minnest med det same det gamle skinnbrevet av 1310, da det vart bygt ny bru over Rinna. Det ligg nær å spørja om Bø ved Audenus er eit anna prov for gamal busetting her "Uta brua".

I 1610 var truleg ein del av Bø husmannsplass, og brukaren der er kalla Thorstenn Bøe. Han var blant dei som svara den utlikna Leiglendingeskatten det året med ½ dalar. Ved matrikuleringa i 1668 var det 3 jordbruk av namn Oudenuus i søre Vingrum. Det var forutan det Oudenuus som Jens da var eigar og brukar av og det Oudenuus som Siffuer var eigar og brukar av også eit Oudenuus Engeland, som da tilhørde Jørgen Philipsen, men som Mishell Rønne da brukte. I matrikkelframlegget av 1722 er det vidare under Rønne også matrikulert eit bruk Bøe ødegaard og eit bruk Oudenuus.

Om det samanhengende budde folk på Bø i denne tid, er vanskeleg å fastslå. Men ved folketellinga i 1801 var det under Rønne ein husmann av namn Iver Erlandsen, og truleg var han den same som i 1807 saman med Ole Sveen i Vingrum skreiv onder som vitne på eit føderådsbrev på Audenus, og som da kalla seg Iver Bø. Dette at han brukte namnet "Bø" som familienamn, talar sterkt for at han også budde på Bø. Den same Iver Bø var og skreddar, og dreiv handverket sitt så vidt at han som oftast hadde ein læregut med seg.

Mange år seinare er det i 1896 fortalt at Andreas Ouren på Røine selde eit bruk grn. 2 brn. 5 Øversveen til Olaus Mathiassen Bjørnstadstuen for kjøpesum kr. 2.400,-. Kjøparen Olaus Mathiassen hadde så dette bruket til i 1924, da han selde det til Jørgen Ouren. Ein merker seg elles at ved denne handelen er seljaren Olaus kalla Olaus Bø. Kjøparen Jørgen Ouren hadde

Bø til i 1932, da han overdrog B ø til brorson sin, nemleg Arne Ouren, som er gift med Kristine (Kitty) Larsdatter Audenus. Ein merker seg elles at ved handelen i 1938 vart elles grn. 20 brn. 2 og 3 Knippen skog tillagt grn. 2 brn. 2 B ø.

Borna til Arne og Kitty Ouren på B ø er: Jørgen Ouren f. 1945, Mathea Ouren f. 1947, Kari Ouren f. 1950.